**Klima** Forskar Helge Drange

# – Klimameldinga er ufarleg

➤ Tiltaka i klimameldinga er ikkje nok og forpliktande nok til å innfri klimamåla i 2020, seier kritikarar.

STAVANGER
– Regjeringa har gode mål i klimameldinga, men det er eit ope spørsmål *når* dei vil nå måla, og *kva som må til* for å nå dei. Dette er ei ufarleg melding som ikkje tar tak i kontroversielle spørsmål som Statoil si utvinning av oljesand og kor offensive me skal vera med oljeutvinning i Lofoten og i nye område i nord, seier klimaforskar Helge Drange ved Bjerknessenteret.

Han understrekar at det hastar med å få på plass effektive klimatiltak. Erfaringane med Kyoto-avtalen gir ikkje grunn til å vera så veldig optimistisk:

– Her ligg Noreg bak skjema i 2012. $CO_2$-utsleppa har auka med 8 prosent, medan målet var 1 prosent i forhold til 1990-nivå, seier Drange. På plussida noterer han at regjeringspartia vurderer å oppretta ei eiga klimalov:

– Det kan vera eit veldig godt tiltak som forpliktar regjeringa juridisk.

Klimaprofessor Jørgen Randers ved BI meiner **tiltaka er for få og ikkje forpliktande nok** til å nå måla i klimaforliket frå 2008. Det same seier Høyre, KrF og fleire miljøorganisasjonar.

Eirin Sund (Ap) er ueinig:

– Me har store, ambisiøse mål for bygg, transport, skog og for petroleumssektoren, og tiltaka her vil utløysa store kutt. Meldinga forpliktar oss i arbeidet med budsjett og Nasjonal transportplan.

– Når me er så tydelege på at veksten i persontransporten skal skje med kollektivtransport, sykkel og gange, må desse områda få auka løyvingar.

Slik kommenterer Sund fleire av ankepunkta mot klimameldinga.

**1. Elektrifisering på sokkelen bør påleggast, ikkje berre oppmuntrast (Randers, Zero)**

– Meldinga er tydeleg på at elektrifisering er viktig tiltak, og peikar på kvar dette bør skje. Oljeselskapa må før konseptval informera OD om dei alternativa som blir utgreidd.

– OD får framover ei meir sentral rolle med å utgreia løysingar for utbyggingar i same område, seier Sund.

**2. Her er ingenting nytt når det gjeld $CO_2$-fangst og lagring som er eit veldig viktig klimatiltak (Bellona)**

– Satsinga på fangst og lagring ligg fast, og dette er beskrive i andre meldingar. Dette har tatt lengre tid enn håpt, men i mål skal me. Mongstad er det største prosjektet og samtidig blir andre moglege fangst - og lagringsprosjekt vurdert av Gassnova.

**3. For liten auke i $CO_2$-avgifta til å utløysa meir elektrifisering på sokkelen. Avgifta burde vera 1000 kr/tonn (Zero/Bellona)**

– Her er det ulike syn, alt etter kor ein står. Me meiner at ein auke 200 kroner er rimeleg og er ikkje einig med OLF som tviler på at tiltaket vil utløysa meir elektrifisering.

**4. Folk som kjøper elbil må vita at dei kan behalda fordelane fram til 2020 (Bellona)**

– Eg skjønner bekymringa, men samtidig har me klart å løfta dette lenger enn at me får diskusjonen i kvart budsjett. Bra at fordelane i alle fall ligg fast til 2015.

**5. Klimameldinga er ufarleg, fordi ho ikkje tar stilling til oljesand eller utvinning av olje i Lofoten og nordområda.**

– Utvinninga av oljesand blir styrt av Statoil som gjer vurderingar på forretningsmessig grunnlag. Det er ikkje lenge sidan me behandla forvaltningsplanen for Lofoten og Vesterålen, og Petroleumsmeldinga som gir retning i forhold til oljeutvinninga. Kunnskapsinnhentinga legg grunnlaget for å vurdera om me skal setja i gang med ei konsekvensutgreiing, seier Eirin Sund.

**6. Klimafondet bør bli sterkare (Randers)**

– Klimafondet er ein ting Ap er veldig nøgd med i meldinga. Eg er glad for at me får på plass eit så stort fond som me har fått. Fondet skal aukast til 50 milliardar i 2020 *(red: Inkludert Enova sitt eksisterande grunnfond på 25 milliardar)* 5 milliardar blir løyvd i 2013 , og det er meir enn eg hadde håpa på, seier Sund.

TURID FURDAL

**Kampvotering**

# Eidesen er veldig skuffet over tapt Tine-valg

LILLESTRØM
**Haugesund-bonde Tor Inge Eidesen (47) var enstemmig innstilt som styretopp i Tine, men tapte kampvoteringen mot sittende styreleder Trond Reierstad (54) med et brak.**

– Jeg er veldig skuffet. Jeg hadde forberedt meg godt til vervet og hadde ambisjoner om å gjøre en skikkelig jobb for Tine, sier Eidesen, som fikk 65 stemmer, mot Reierstads 107 på gårsdagens årsmøte i Tine. En stemme var blank. Ingunn Sogness fra Sogn ble gjenvalgt som nestleder.

Reierstad har hatt det mektige styreledervervet i landets største næringsmiddelkonsern i 1 to år. Han ble vraket av valgkomiteen, som ikke ga noen nærmere begrunnelse for dette.

## Benkeforslag

Så seint som onsdag bestemte Reierstad seg likevel for å stille som kandidat, etter at det på grasrota hadde vært jobbet i kulissene for å sikre ham ryggdekning. Stemmetallet og debatten foran valget i går ettermiddag tyder på at det ble stemt i blokk.

– Årsmøte slo ring rundt Reierstad, som tross alt har gjort en god jobb, ved at Tine har oppnådd gode resultater. Jeg ønsker ham lykke til og håper Tine som selskap lykkes med på manøvrere riktig i forhold til de utfordringer som venter, framholder Tor Inge Eidesen. Han har tidligere vært nestleder i konsernstyret og hatt styreklubba i Tine Sør. Nå har han ingen verv å falle tilbake på i selskapet.

## Vanlig melkebonde

– Jeg blir heretter en vanlig melkebonde og Tine-eier i Haugesund.

– Kan det bli aktuelt for deg å stille som styretopp-kandidat seinere?

– Dette er ikke dagen for å vurdere et slikt spørsmål, sier Eidesen.

Finnøy-bonde Askild Eggebø var ikke på valg og fortsetter som styremedlem. Håbuen Arna Høyland, tidligere leder i Rogaland Bondelag, var innstilt som varamedlem, men nådde ikke opp. Tine Sørs andre styremedlem er etter valget i går arendalitten Lars Woie.

ODD PIHLSTRØM



VANLIG BONDE

**”Jeg blir heretter en vanlig melkebonde i Tine”**

Tor Inge Eidesen

NÆRINGSMIDDELINDUSTRI

## Tine fjerner palmeolje

Tine varsler ufasing av helse- og miljø-tvilsom palmeolje i produktene sine.

Selskapet tilsetter palmeolje i Brelett, som produseres på Jæren, pizzadeig og paideig.

I løpet av 2012 skal 90 prosent av palmeoljen være ute av våre produkter, sier konsernsjef Stein Øyom til Nationen.

**Europas grønne batteri**

# Vindkraft på Kvinesheia; pumpe-kraft Sirdal neste?

KVINESDAL/LYNGDAL
**NVE trosser protestene fra fylkesutvalget i Vest-Agder og har gitt konsesjon for vindpark nord for den nye E 39 på Kvinesheia.**

Vindparken inngår i en samlet plan for kraftprosjekter til kanskje 20-30 milliarder kroner i Kvinesdal, Sirdal og Flekkefjord.

Resten av NVE-planen ventes ferdig til olje- og energiminister Ola Borten Moe besøker Sirdal 21. mai.

– Planen vil omfatte nye kabler til utlandet, pumpekraftverk, nye høyspentlinjer, flere vindparker og 25-30 småkraftverk, sier ordfører Odd Omland (Ap) i Kvinesdal.

## Griper inn i hverandre

Direktør Gaute Tjørhom i Sira-Kvina kraftselskap sier at en samlet oversikt vil lette planleggingen og vise hvordan utbyggingene griper inn i hverandre.

Et pumpekraftverk vil gi enda bedre utnyttelse av vannkraftmagasinene, det være seg på kontinentet og ved elektrifisering av flere olje- og gassinstallasjoner i Nordsjøen.

Men virkelig behov, og hvem som også skal betale utvekslingskablene som må til, er uavklart.

– Pumpekraftverk blir nok ikke bygd i rakettfart. Men vi følger godt med, sier Tjørhom.

## Lang avstand

Vindparken SAE Vind vil bygge på Kvinesheia, får adkomst fra gamle E 39 ved Austre Førland. Noen av turbinene vil kunne ses på lang avstand på venstre side av den nye E 39 når du kjører mot sør.

Effekten blir på inntil 73 MW; det samme som for Høg-Jæren. Litt svakere vind tilsier en årsproduksjon på 190 GWh på Kvinesheia mot 232 på Høg-Jæren.

Kvinesdal kommunestyre ønsket utbyggingen velkommen med 22 mot fem stemmer. Lyngdal, som får noen få turbiner nær kommegrensen, gikk imot.

Det gjorde også flertallet (Høyre, Frp, Venstre og en fra KrF) i Vest-Agder fylkesutvalg.

HANS E.H. JACOBSEN



**NVE tillater inntil 32 slike vindturbiner på Kvinesheia.** FOTO: SIEMENS

**Vindparken inngår i en samlet plan for kraftprosjekter til kanskje 20-30 milliarder kroner i Kvinesdal, Sirdal og Flekkefjord.**